(Her lister kommunen opp hvilken/hvilke andre instanser man kan varsle til etter denne rutinen.)
- ☺ Arbeidsgiver ønsker at varselet skal underskrives med navn. Da kan arbeidsgiver innhente ytterligere opplysninger fra varsleren og gi tilbakemelding om hva som gjøres med forholdet. Du kan likevel velge å varsle anonymt. Arbeidsgivers mulighet til å følge opp et anonymt varsel kan være begrenset.
- ☺ Du vil innen XX dager få en bekreftelse på at varselet er mottatt og vil bli fulgt opp i tråd med rutinen. Arbeidsgiver vil ta nærmere kontakt dersom det er behov for ytterligere informasjon i saken. Arbeidsgiver vurderer konkret om det er grunnlag for å gi deg ytterligere informasjon om hva som skjer med saken du har varslet om. (Blant annet lovbestemt taushetsplikt kan begrense arbeidsgivers mulighet for å gi deg ytterligere informasjon om saken.)

JEG ØNSKER Å VARSLE OM FØLGENDE KRITIKKVERDIGE FORHOLD:

VARSLET AV:

DATO:

## EKSEMPEL PÅ SKJEMA FOR INTERN OPPFØLGING

RUTINE FOR INTERN VARSLING OG OPPFØLGING GJENNOM HMS-SYSTEMET I

KOMMUNE

TRINN	OPPFØLGING AV FORHOLDET	DATO
1	VARSEL MOTTATT AV	
2	UNDERSØKELSER GJENNOMFØRT	
3	KONKLUSJON	
4	TILBAKEMELDING GITT TIL VARSLER	
5	NØDVENDIG INFORMASJON GITT TIL DEN ELLER DE DET ER VARSLET OM	
6	TILTAK	
7	VIDERE OPPFØLGING	
8	VIDERE OPPFØLGING OVERFOR VARSLEREN	
9	DEN DET ER VARSLET OM ER FULGT OPP	

### 3.4 INTERN VARSLING

#### 3.4.1 Varsling i linjen

Mange meldinger eller kritiske ytringer mottas og behandles av nærmeste leder uten at det problematiseres om det dreier seg om kritikkverdige forhold.

Arbeidsgiver bør oppfordre ansatte til å varsle til nærmeste leder eller eventuelt overordnet ledelse i rutinen. Dette er normalt de som er nærmest til å undersøke og raskt stoppe de kritikkverdige forholdene. Dersom dette fungerer i praksis, vil det være mindre behov for varsling utenfor linje.

Det å motta opplysninger om mulige kritikkverdige forhold, gjerne gjentatte ganger, kan være krevende. Det er viktig at ledere på alle nivåer oppfordres til å møte opplysninger om mulige kritikkverdige forhold på en konstruktiv måte.

Det er også viktig at ledere på alle nivåer kjenner reglene og rutinene for varsling.

#### 3.4.2 Varsling til kommunens alternative varslingsordning

For de tilfeller der det ikke er ønskelig å varsle i linje, bør det være en alternativ og uavhengig varslingsordning som har nødvendig tillit blant ansatte. En slik varslingsordning kan være sammensatt av ansatte i kommunen eller en eller flere eksterne medlemmer. Hvilken ordning kommunen velger, vil bero blant annet på kommunens størrelse og organisering. Lokale forhold, kostnader og ressursinnsats må også vurderes, selv om det ikke nødvendigvis blir avgjørende.

Det kan for eksempel opprettes et særskilt varslingssekretariat. Medlemmene i det særskilte varslingssekretariatet bør ha kompetanse innen arbeidsmiljø, jus og økonomi. Tillitsvalgte skal ha en fri og uavhengig stilling for å kunne ivareta arbeidstakerne. De bør derfor ikke være med i et sekretariat.

Et alternativ er å engasjere et advokatkontor for å ta imot varslinger.

Det er viktig at varsling håndteres av kommunens organer slik at det ikke er nødvendig å varsle offentlig. Saken vil da fort kunne eskalere og bli vanskeligere å håndtere.

Saksbehandling av et varsel krever kjennskap til organisasjonen. Det må avklares hvor langt mandatet til varslingssekretariatet skal gå med hensyn til forundersøkelser før saken oversendes linjen i kommunen. Rådmannens rolle (innsyns- og instruksjonsrett) og saksbehandlingsregler bør derfor avklares i mandatet.

Saksbehandlingsreglene må regulere hvilke forundersøkelser som kan eller skal gjøres, hvor saken oversendes, hvem som avslutter saken der det ikke er grunnlag for videre oppfølging, arkivering av opplysninger, med mer. Hvor omfattende man legger opp varslingssekretariatet og rutinene knyttet til dette, avhenger blant annet av størrelsen på kommunen. Dersom det velges en av de andre ordningene, må det utarbeides tilsvarende retningslinjer.



I hvilken grad varslers identitet kan behandles fortrolig, det vil si at varslers identitet kun er kjent for varslingssekretariatet eller av advokatkontor, må nærmere avklares i mandatet. Løfte om fortrolighet vil aldri kunne være absolutt, særlig dersom det blir rettslige etterspill i saken.

Uavhengig av hvilken ordning som velges må det særlig fremgå hvordan varsling på rådmannen skal håndteres. Hvor skal det varsles, og hvilken saksbehandling skal gjøres hos mot-taker av varsel? Hvem skal foreta nærmere undersøkelser av varselet for det for eksempel opprettes setterådmann eller en ekstern som kan undersøke varselet nøyere? Selv om varselet også gjelder rådmannen, er ikke rådmannen uten videre inhabil.

Varselet kan i mange tilfeller likevel følges opp av rådmannen. Så langt som mulig gjennomføres undersøkelser internt før det iverksettes ekstern undersøkelse. Dette må vurderes konkret ut fra innholdet i varselet.

#### REFLEKSJON:

Hvordan mener du en best kan håndtere et varsel om rådmannen?



## Behandling av varsleren, varselet og den det varsles om

### 4.1. VARSLERENS RETT PÅ INFORMASJON

I mange tilfeller ønsker varsleren informasjon om saken og hvordan denne eventuelt er håndtert av arbeidsgiver. Normalt vil ikke varsleren ha større rett til å få innsyn i saken enn andre. Et annet spørsmål er om og eventuelt hvilken tilbakemelding varsleren skal få fra arbeidsgiver om at saken er mottatt og vil bli undersøkt/håndtert. Dette kan få betydning for om varsleren eventuelt velger å gå videre med saken.

#### 4.1.1 Varsleren er normalt ikke part

Varslerens rett til innsyn i sakens dokumenter beror på om vedkommende er «part» i saken. En part er en «person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder», se forvaltningsloven § 2 første ledd, bokstav e). Dersom det varsles om kritikkverdige forhold begått av andre kan den det varsles om være part. Varsleren er i så fall ikke part i saken.

Om en ansatt varslar om at lederen trakasserer kolleger, vil lederen være part dersom det er aktuelt å gi en reaksjon, for eksempel oppsigelse, overfor denne lederen. I utgangspunktet vil ikke de som blir trakassert være parter fordi de kun har krav på et forsvarlig arbeidsmiljø fritt for trakassering. Dette gjelder også dersom varslar er blant dem som er utsatt for trakassering.

#### 4.1.2 Tilbakemelding til den som varslar

Terskelen for å varsle om kritikkverdige forhold kan være høy. For den som varslar og ikke vet hvordan varselet blir fulgt opp, og heller ikke kan se at det skjer noen endringer i de forhold det ble varslet om, kan det synes som det ikke nytter å varsle. Vedkommende vil ofte heller ikke vite om de kritikkverdige forholdene opphører eller om det vil være forsvarlig å varsle videre. Varsleren unnlater kanskje også å varsle om nye kritikkverdige forhold. Det kan tilsi at den som varslar bør gis noe informasjon.

Hensynet til den det varsles om setter begrensninger for hva som bør og kan gis av informasjon. Taushetsplikten kan også være til hinder for tilbakemelding til varslar, for eksempel fordi oppfølgingen gjelder personlige forhold om den det er varslet om. Dersom det fremgår av varslingsrutinen at varsleren vil få en tilbakemelding i de tilfellene undersøkelser viser at det ikke foreligger kritikkverdige forhold, vil manglende tilbakemelding gi signal om at det foreligger kritikkverdige forhold. Dette kan – avhengig av hva varselet går ut på – komme i strid med taushetsplikten.

Arbeidsgiver skal heller ikke gi varslar flere opplysninger, for eksempel om personloppfølging overfor anketansatte, utover det som er naturlig å gi til øvrige ansatte.

Den som varslar bør få en tilbakemelding om at varselet er mottatt og vil bli fulgt opp i tråd med rutinene. Videre at arbeidsgiver vil ta kontakt dersom det er behov for ytterligere informasjon. Det må likevel vurderes konkret om ytterligere informasjon kan og bør gis varsleren. Et eksempel på dette er tilbakemelding om at varselet ikke anses å gjelde «kritikkverdige forhold.»

### 4.2 TAUSHETSPLIKT OM VARSLERS IDENTITET OG MULIGHET TIL Å VARSLER ANONYMT

Ved ekstern varsling til tilsynsmyndighetene eller andre offentlige myndigheter har disse taushetsplikt om varslers identitet og andre identifiserende kjennetegn, for eksempel arbeidssted og stilling, se arbeidsmiljøloven § 2 A-4. Det innebærer at tilsynsmyndigheten ikke har adgang til å opplyse om navnet på den som varslar, som for eksempel tjenestested, dersom varslar med dette blir identifisert.

Taushetsplikten gjelder overfor sakens parter og deres representanter og går dermed foran reglene om partsinnsyn i forvaltningsloven § 18.

Bestemmelsen om taushetsplikt gjelder ikke ved intern varsling i kommunen.

#### 4.2.1 Anonym varsling

Det er lov å varsle anonymt også ved intern varsling. Muligheten for å varsle anonymt kan i noen tilfeller være avgjørende for at det i det hele tatt varsles, for eksempel av frykt for gjengjeldelse.

Anonyme varslinger skal behandles og undergis passende undersøkelser. I enkelte tilfeller vil det være slik at det er vanskelig for arbeidsgiver å følge opp disse varslingene fordi det ikke foreligger tilstrekkelig informasjon. Om det derimot er en varsling hvor det vises til konkrete faktiske forhold som arbeidsgiver har mulighet til å undersøke, spiller det mindre rolle at arbeidsgiver ikke kjenner varslers identitet.

Anonym varsling kan åpne for sladder og ubegrunnede påstander ettersom ingen må stå ansvarlig for innholdet i varselet.

I varslingsrutinen bør det åpnes opp for at det også kan varsles anonymt. Det er imidlertid viktig at arbeidstakerne gjøres kjent med dilemmaene knyttet til anonym varsling og at arbeidsgiver ønsker at varslar står frem.

Tillitsvalgte kan også motta varslinger og anonymisere varslers identitet før varselet formidles til arbeidsgiver.

Det fins også løsninger der arbeidsgiver kan kommunisere med anonyme varslere gjennom systemet uten at varslar avslører sin identitet for arbeidsgiver. Da vil arbeidsgiver ha mulighet til å opplyse saken nærmere selv om varslar er anonym.

#### 4.2.2 Når varslers identitet er kjent/taushetsplikt om varslers identitet

Varslingsrutinen bør ikke inneholde løfte om fortrolighet eller anonymitet for varslar. Både den det varsles om og allmennheten kan ha rett til å få kunnskap om varselet og varslers identitet, så sant det ikke varsles til tilsynsmyndighetene hvor taushetsplikten gjelder. Den det varsles om vil i mange tilfeller være part, og i utgangspunktet ha rett til å gjøre seg kjent med sakens dokumenter, enten etter uiovfestede forvaltningsrettslige prinsipper eller fordi det er innsyn etter forvaltningsloven §§ 18 og 19. Disse åpner for at det kan gjøres unntak fra partsinnsyn for enkelte opplysninger. Praktisk i varslingssaker er det § 19 andre ledd, bokstav b) som gir anledning til å unnta fra partsinnsyn opplysninger «som av særlige grunner ikke bør meddeles videre», forutsatt at det ikke er av «vesentlig betydning» for parten å gjøre seg kjent med opplysningene. Partens rett til å bli kjent med opplysningene i saken og imøtegå disse er viktig. Identiteten til varslar kan i noen tilfeller unntas i de tilfeller hvor parten vil kunne imøtegå opplysningene uten at varslers identitet gjøres kjent.



Den det varsles om vil også kunne ha rett til innsyn etter personopplysningsloven § 18 uavhengig av om vedkommende er part eller ikke. Personopplysningsloven åpner opp for unntak for opplysninger i nærmere angitte tilfeller. Praktisk i varslingssaker er § 23 bokstav b) og f) som i konkrete tilfeller kan gi grunnlag for å unnta varslers identitet.

Etter hovedregelen i offentleglova § 3 kan både den det varsles om og allmennheten ha innsynsrett i varselet og varslers identitet. Unntak for innsyn gjelder taushetsbelagte opplysninger. Det kan også være adgang til å unnta varslers identitet etter andre bestemmelser i offentleglova.

#### 4.3. OPPFØLGING AV VARSELET

Arbeidsgiver må vurdere konkret videre oppfølging ut fra varselets innhold og hvem det varsles om. Det er kunnskap om potensielle kritikkverdige forhold som utløser en handlingsplikt for ledelsen, ikke selve varselet i seg selv.

I mange tilfeller kan det være tilstrekkelig at nærmeste leder som mottar varselet iverksetter enkle korrigerende tiltak for at det kritikkverdige forhold skal opphøre. I andre tilfeller kan det være nødvendig med en ekstern undersøkelse fra en uavhengig og nøytral tredjepart. Det siste gjør seg særlig gjeldende der varselet gjelder alvorlige forhold og involverer mange ansatte eller øverste ledelse.

Det er viktig at en nærmere undersøkelse av varselet tilpasses målet, nemlig at det kritikkverdige forholdet opphører. Om det varsles om straffbare forhold som ikke åpenbart er grunnløse, bør forholdet vurderes anmeldt. Den videre oppfølging av varselet bør tilpasses politiets eventuelle etterforskning dersom det er forsvarlig.

#### 4.4. NÆRMERE OM DEN DET VARSLER OM

Den det varsles om kan, avhengig av den videre oppfølging av varselet, ha partsrettigheter, se forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav e) som definerer en part som en «person som en avgjørelse retter seg mot eller som saken ellers direkte gjelder».

Igangsettelse av videre undersøkelser av varselet utløser ikke automatisk partsrettigheter for den det varsles om. Det kan være vanskelig å forutse hva en undersøkelse vil avdekke tidlig i saksbehandlingen. Mulige konsekvenser for den det varsles om – også av mulig negativ omtale – kan tilsi at vedkommende har partsrettigheter eller bør behandles i overensstemmelse med dette. Den videre saksbehandlingen må ivareta ulovfestede krav til en forsvarlig saksbehandling og kontraksjon uavhengig av om vedkommende har partsrettigheter.


Dersom varsleren ikke er vernet mot gjengjeldelse som følge av at varslingen ikke har vært forsvarlig, kan det gi grunnlag for arbeidsrettslige reaksjoner mot varsleren. Det vil i så fall være et forhold mellom varslers og arbeidsgiver. Den det ble varslet om har krav på et forsvarlig arbeidsmiljø, men ellers ingen rett til innsyn eller informasjon om hvordan arbeidsgiver eventuelt følger opp dette hos varslers.

Et varsel som inneholder opplysninger og vurderinger som kan knyttes til enkeltpersoner, vil være personopplysninger i henhold til personopplysningsloven. I noen tilfeller kan det være sensitive personopplysninger. Opplysningene må da behandles i tråd med kravene i personopplysningsloven.



Postadresse: KS  
Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo  
Besøksadresse: Haakon Vlls gt. 9, 0161 Oslo

Telefon: 24 13 26 00  
ks@ks.no  
www.ks.no





## Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 34/17	Kontrollutvalet	20.11.2017

### OPPDRAGSAVTALE MED MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

#### Sekretariatet si tilråding:

1. Kontrollutvalet godkjenner vedlagte oppdragsavtale
2. Sekretariatet får fullmakt til å innhente uttale frå rådmannen når det gjeld oppdragsavtalen sitt innhald. På grunnlag av denne uttalen, får sekretariatet i samråd med kontrollutvalet sin leiar, fullmakt til å gjere presiseringar og/eller mindre justeringar i avtalen som ikkje er av prinsipiell verknad. Det skal gjevast melding til kontrollutvalet om kva endringar som eventuelt er gjort.
3. Kontrollutvalet sin leiar signerer avtalen.

#### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret føre det løpande tilsynet med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning, jf. kommunelova § 77.

Etter forskrift om revisjon kap. 2, § 4, er revisor pålagt å arbeide planmessig og effektivt. Kontrollutvalet skal føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga, under dette å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. kommunelova § 78 nr. 1 og forskrift om kontrollutval, kap. 3, § 4.

Kommunestyret i Aukra, i møte 07.05.2015 sak 49/15, valde å gå inn som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon IKS, og valde selskapet som revisor for kommune. I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå engasjementsavtale med Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Av ulike årsakar kom Møre og Romsdal Revisjon IKS (MRR) ikkje i drift før frå 1. februar 2017. Skifte av dagleg leiar i MRR, har også medført at arbeidet med oppdragsavtalen har tatt noko tid. Våren 2017 vart det avhalde felles arbeidsmøter mellom sekretariata på Nordmøre, Romsdal, fylkeskommunen og konstituert dagleg leiar i MRR. Det vart i desse møta avtalt å dele inn avtalestrukturen for engasjementsavtalen slik:

- Engasjementsbrev
- Oppdragsavtale

Dagleg leiar i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal har i tillegg hatt eigne møter med dagleg leiar Veslemøy Ellinggard i MMR etter at ho starta opp 1. mai 2017, der det har vore arbeidd med avtaleutkastet.

Kontrollutvalet fekk i førre møte utdelt eit utkast til avtale. Det er berre gjort mindre korrigeringar i dette utkastet.

Basert på dette følgjer vedlagt utkast:

- Vedlegg 1 - Engasjementsbrev frå Møre og Romsdal Revisjon IKS (u.off. off.lova § 13, jf. fvl. §13 1. ledd nr. 2)
- Vedlegg 2 – Oppdragsavtale mellom kontrollutvalet og Møre og Romsdal Revisjon IKS (u.off. off.lova § 13, jf. fvl. §13 1. ledd nr. 2)

## VURDERING

### Engasjementsbrev

Dette har revisor plikt til å utarbeide, jf. revisjonsstandart ISA 210 – «Inngåelse av avtale om vilkårene for revisjonsoppdraget.» Føremålet med engasjementsbrevet er frå revisor si side å informere leiinga (kommunestyret) om deira ansvar for intern kontroll og økonomiforvaltning, under dette å klargjere kva føresetnader og forventningar som ligg til grunn frå revisor si side for å gjennomføre revisjonsarbeidet. Som det går fram av ISA 201 skal engasjementsbrevet sendast til leiinga eller den som har ansvaret for styring og kontroll av verksemda. Revisjonen har valt å følgje Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) si tolking av at brevet skal sendast til kontrollutvalet på vegne av kommunestyret. Kommunestyret har det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga og skal påsjå at kommunen sin rekneskap vert revidert på ein trygg måte, jf. Kommunelova §76. Kontrollutvalet er kommunestyret sitt utøvande organ, og skal på vegne av kommunestyret førestå det løpande tilsynet med den kommunale og fylkeskommunale forvaltninga, jf. kommunelova § 77. Sekretariatet har ikkje drøfta innhaldet i engasjementsbrevet med revisjonen, då dette vert oppfatta som revisjonen sitt brev til kunden.

### Oppdragsavtale

Kontrollutvalet sitt reglement seier ikkje noko om kva engasjementsavtalen/oppdragsavtalen skal innehalde, men sekretariatet har tatt utgangspunkt i kontrollutvalet sin engasjementsavtale med Kommunerevisjonsdistrikt 2 frå 2011 i forhandlingane med revisjonen og dei andre sekretariata. Ein har sjølvsagt også hatt med seg erfaringar frå samspelet mellom kontrollutval/kommune og revisjon.

Oppdragsavtalen skal regulere forhold som kontrollutvalet er opptatt av som kunde, dette omfattar krav og forventningar til leveranseomfang, innhald og kommunikasjon med kontrollutvalet. Dette for at leveransen skal sikrast og slik at utvalet skal setjast i stand til å ivareta sitt tilsynsansvar overfor revisjonen. Sekretariatet har lagt vekt på å sikre at avtalen inneheld gode rutinar for dialog mellom revisjon, kontrollutval og sekretariat, samt mellom revisjon og administrasjon.

Det har frå revisjonen si side også vore viktig å sikre ei einsretting i avtalen med kommunane i revisjonsdistriktet.

Oppdragsavtalen har tatt utgangspunkt i at kommunen skal ha tenester i det omfanget dei har hatt tidlegar. Kommunane som tidlegare fekk tenester frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 har fått levert 2-3 forvaltningsrevisjonsrapportar i valperioden. Kommunane knytt til distrikt Nordmøre, har i følgje revisjonen fått noko færre. Revisjonen ønskjer at det vert lagt opp til at dei to største kommunane (Molde og Kristiansund) får levert 1 forvaltningsrevisjonsrapport i året, medan dei andre kommunane får levert 2 forvaltningsrevisjonsrapportar i valperioden. Det er dette revisjonsselskapet vurderer at dei har kapasitet til ut frå føresetnader i budsjett og økonomiplan.

Etter forskrift om kontrollutval § 9 skal kontrollutvalet årleg sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon.


Departementet har i rundskriv H-02/06 sagt at dei meiner at forvaltningsrevisjon bør gjennomførast kvart år. Dei skriv vidare «Forskriften er likevel etter sin ordlyd ikke til hinder for at kommunestyret vedtar at det ikke skal gjennomføres forvaltningsrevisjon ett bestemt år;


*dersom dette finnes nødvendig ut fra hensynet til økonomiske ressurser og behovet for å prioritere andre formål.»*

Kontrollutvalet bør årleg vurdere om det er behov for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om forvaltningsrevisjon. Dersom det er behov for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt utover to i valperioden, må kontrollutvalet be kommunestyret om midlar til desse prosjekta.

Sekretariatet meiner avtaleutkastet er eit godt grunnlag for å utvikle eit konstruktivt samarbeid med MRR. Vi trur at avtalen kan bidra til å utvikle både revisjon og kommune. Det er ønskeleg at den fører til at ein styrkjer kontroll- og tilsynsaktiviteten på ein god og effektiv måte.

Jane Anita Aspen  
daglig leder





## Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 35/17	Kontrollutvalet	20.11.2017

### TILTAKSPLAN 2018 – KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

#### Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner Tiltaksplan for 2018, med dei endringar som kjem fram i møte. Tiltaksplanen vil fortløpande bli oppdatert av kontrollutvalet.

#### Bakrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 27.9.2017, sak 29/17 vedtok utvalet Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019. Dette er ein overordna plan som må konkretiserast i ein årleg tiltaksplan.

Sekretariatet har laga eit forslag til tiltaksplan for 2018, som vil bli diskutert/vurdert i kontrollutvalet i kvart møte. Ein oppdatert versjon av tiltaksplanen vil til ei kvar tid ligge på [www.kontrollutvalgromsdal.no](http://www.kontrollutvalgromsdal.no)

Vedlagt følgjer:

- Utkast til Tiltaksplan 2018- kontrollutvalet i Aukra kommune


#### VURDERING

Når det gjeld kor ofte utvalet skal ha møter, så er det lagt opp til 5 møter i 2018, tre møter på våren og to møter på hausten. I kontrollutvalet sitt første møte i 2018, vil ein legge møteplan for heile året.

Tiltaksplanen er bygd opp etter same mal som Plan for kontrollutvalet si verksemd 2017-2019, som utvalet vedtok i førre møte.

Det er viktig at utvalet tenker gjennom om det er særskilte områder utvalet ønskjer å fokusere på i 2018, kva som kan vere aktuelle verksemdsbesøk eller orienteringar de ønskjer å få.

Jane Anita Aspen  
daglig leder



## Saksframlegg

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Motedato</b>
PS 36/17	Kontrollutvalet	20.11.2017

### OPPFØLGINGSLISTE

#### Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

#### Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 27.9.2017.


I dette møtet er det ikkje lagt opp til orienteringar knytt til saker på oppfølgingslista.

### VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan desse verte fremma i møtet for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen  
daglig leder





**SAKSOPPFØLGING**

(à jour pr. 27.9.2017)


Saker som er tatt opp:	Merknad:	Status:
<p>27.02.14 <b>Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune</b> Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter. Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomi-reglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.</p>	<p><b>27.02.14:</b> Kontrollutvalet vil oppmode administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis. <b>01.07.14:</b> Sekretæren skriv til kommunen og ber om at økonomireglementet vert revidert. <b>02.10.14:</b> Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte. Økonomiavdeling har ikkje kapasitet i inneverande år å sette i gang arbeidet med revidering av gjeldande økonomireglement. <b>23.04.15:</b> Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. <b>11.06.15:</b> Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. <b>18.09.15:</b> Rådmann orienterte. Bemanningssituasjonen i økonomiavdelinga har vore vanskeleg og avdelinga har av den grunn ikkje sett seg i stand til å prioritere dette arbeidet. Det er vurdert å kjøpe konsulenttenester for å fullføre arbeidet med revidering av økonomireglementet. Kontrollutvalet ser ikkje grunn for at kommunen skal få auka kostnadar ved kjøp av konsulenttenester og ber administrasjonen om å utsette dette arbeidet til bemanninga i avdelinga er tilfredstillande. Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein ny statusrapport til første møte i 2016. <b>17.02.16:</b> Kontrollutvalet ønskjer i neste KU-møte å gjere ei gjennomgang av økonomireglementet, for å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet framleis ønskjer å følgje opp. <b>25.04.16:</b> Rådmann og økonomisjef svarte på spørsmål i dagens møte, jf. OS 08/16. Kontrollutvalet konkluderer med at dei har tillit til at økonomireglementet vert revidert, og at det er viktig at det gjeldande økonomireglementet vert fulgt.</p>
<p>21.05.14 <b>Ny organisering av pleie og omsorgstenestene i Aukra kommune</b> Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Aukra kommune har gjort ei omorganisering av pleie- og omsorgstenesta ved å dele tenesta i to med ei eining for Institusjonstenester og ei for Heimetenester. Hensikta med</p>	<p><b>02.10.14:</b> Einingsleiar for heimetenesta Jorunn Hurlen orienterte. Aukra kommune si pleie- og omsorgsteneste er frå 2014 delt i to einingar – Eining heimetenester og Eining institusjons-tenester. Bakgrunn for delinga</p>


	<p>omorganiseringa er at det skal bli ei betre teneste for brukarane. Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå kommunen sin administrasjon til første møte hausten 2014.</p>	<p>er utfordringane med Samhandlings-reforma, revidert lovverk og forskrifter. Tenestene vil i framtida bli meir basert på kva brukarane rettmessig har krav på og skal tildelast etter vedtak. Sjå protokoll til orienterings-sak OS 10/14 i dagens møte. Kontrollutvalet ønskjer ei ny orientering om eit år.</p> <p><b>18.09.15:</b> Rådmann bad om utsetting av orienteringa grunna sjukefråveret i avdelinga. Kontrollutvalet vil utsette orienteringa til neste møte.</p> <p><b>24.11.15:</b> På grunn av stor saksmengde til dagens møte vert orienteringa utsett til neste møte.</p> <p><b>17.02.16:</b> Rådmann og fung. einingsleiar orienterte i dagens møte jf. OS 07/16. Kontrollutvalet ønskjer ny statusrapport i kontrollutvalet sitt møte i november 2016.</p> <p><b>21.11.16:</b> Grunna mange saker på sakskartet hadde ikkje sekretær etterspurt denne orienteringa frå adm. til dagens møte. Kontrollutvalet ønskjer at det vert prioritert å få denne orienteringa i første møte 2017.</p> <p><b>08.02.17:</b> Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte jf. OS 01/17. Kontrollutvalet vil følgje med på omstillingsprosessen knytt til det nye omsorgssenteret, men <b>avsluttar oppfølging av denne saka.</b></p>
<p>25.02.15 <b>Oppfølging av politiske vedtak</b> Ansvar: Adm.</p>	<p>Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av formannskapet, kommunestyret, drift og arealutvalet, livsløps-utvalet og andre politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å følgje opp at administrasjonen sett i verk og gjennomfører dei vedtak som er vedteke av dei ulike politiske organ. Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt ei slik sak.</p>	<p><b>25.02.15:</b> Sekretær vert beden om å skrive til rådmann og be om å få oversendt ei oversikt over politiske vedtak fatta i perioden 01.01.2010 – 31.12.2014 som av ulike årsaker ikkje er sett i verk.</p> <p><b>23.04.15:</b> Sekretæren har sendt brev til Aukra kommune 18.03.2015 og bedt om å få framlagt slik oversikt. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt neste møte.</p> <p><b>11.06.15:</b> Sekretæren har vore i dialog med politisk sekretariat i Aukra kommune vedr. arbeidet med å lage ei oversikt over politiske vedtak i perioden 2010 – 2014 som ikkje er sett i verk. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt første møte til hausten.</p> <p><b>18.09.15:</b> Oppfølging av politiske vedtak vart lagt fram som eigen sak i dagens møte, jfr. sak PS 30/15.</p> <p><b>09.06.16:</b> Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt ei slik oversikt i kontrollutvalet sitt møte i september 2016.</p> <p><b>15.09.16:</b> Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16. Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret.</p> <p><b>03.05.17:</b> KU fatta i 2016 vedtak om å</p>

		<p>oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i eiga sak i neste møte.</p> <p><b>14.06.17:</b> Kontrollutvalet behandla oppfølginga i dagens møte, jf. sak 19/17. Utvalet ønskjer i neste møte å få ei statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegar.</p> <p><b>27.09.17:</b> Utvalsmedlemmene hadde før møtet fått ettersendt liste med statusoppdatering på kvifor sakene ikkje er avslutta og kva som står att av arbeid knytt til dei sakene som ligg som restansar i 2016 og tidlegare. Det var ikkje tid til å gjennomgå listene i møte.</p>
<p>09.06.16 <b>Informasjon om prosess knytt til Aukra omsorgssenter</b> Ansvar: Adm./sekr</p>	<p>Kontrollutvalet drøfta i møte 25.04.16 sak 12/16 Eventuelt mottatt spørsmål om evaluering av løysningsforslag knytt til Aukra omsorgssenter. Utvalet konkludere med at dette ikkje var ei sak for kontrollutvalet. For å bidra til ein open organisasjon, oppmodar kontrollutvalet rådmannen om å nytte kommunen si heimeside til å belyse avgjerdsprosessen, i tillegg til å gje informasjon om vidare steg i prosessen knytt til Aukra omsorgssenter. Heimesida er ein nyttig informasjonskanal også for framtidige prosjekt. Utvalet ønskjer å følgje opp om oppmodinga er blitt fulgt.</p>	<p><b>21.11.16:</b> Sekretær ser at det no er lagt ut informasjon om prosessen knytt til nye Aukra omsorgssenter på kommunen si heimesida. Utvalsmedlemmene vert oppmoda om å gå inn på sida og sjå før neste KU-møte.</p> <p><b>08.02.17:</b> Kontrollutvalet ønskjer at det på kommunen si heimeside jamleg vert informert om milepelar ved etablering av omsorgssenteret.</p>
<p>15.09.16 <b>Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa</b> Adm./sekr</p>	<p>Endeleg tilsynsrapport, skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole (3 avvik). Utvalet frekk framlagt rapporten i dagens møte (OS 16/16). Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sitt svar til fylkesmannen om korleis dei har lukka avvika og fylkesmannen</p>	<p><b>08.02.17:</b> Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet, jf. OS 09/17. Utvalet ønskjer å følgje saka til etter at grunnskulen sin tilstandsrapport for 2017 vert lagt fram, for å sjå om ein kan spore forbetringar.</p>

	sitt tilsvar til kommunen. Utvalet ønskjer også å få ei orientering frå administrasjonen om innhaldet i tilsynet, då dei syntes det var vanskeleg å få ei forståing for dette fagfeltet ut frå denne tilsynsrapporten.	
21.11.16 <b>Tilsyn med tvungen helsehjelp etter pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A i Aukra kommune 2016</b> Adm./sekr.	Fylkeslegen har hatt tilsyn og avdekt to avvik knytt til; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette ar nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp dette tilsynet også i lys av at tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» som avdekte utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen.	
14.06.17 <b>Arbeidsmiljøutvalet (AMU)</b> Adm./sekr./	Kontrollutvalet har merka seg i Aukra kommune sin årsrapport for 2016 at AMU i 2016 ikkje hadde gjennomført møter. Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval. Arbeidsmiljølova gjev reglar for kva type saker AMU skal behandle. På bakgrunn av dette ønskjer kontrollutvalet å følgje opp korleis arbeidet i arbeidsmiljøutvalet fungerer.	<b>14.06.17:</b> Kontrollutvalet hadde til dagens møte bedt om orientring om korleis arbeidstakar og arbeidsgjevarsida ser på bruk av AMU og kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016, jf. OS 16/17. Kontrollutvalet ønskjer å få ei oppdatering i neste møte der også representantar frå dei tilsette i AMU deltar. <b>27.09.17:</b> Ordførar, fung.rådmann, personalkonsulent og fire medlemmer frå AMU deltok i dagens møte, sjå OS 17/17. Utvalet ønskjer å fortsatt følgje med på AMU sitt arbeid og resultatet av arbeidsmiljøundersøkinga ved Aukraheimen.
14.06.17 <b>Barnevernstenester</b>	Barnevernstenesta er ei interkommunal teneste for Molde, Midsund, Aukra og Eide kommunar, med Molde kommune som vertskommune. Kontrollutvalet vart i møte 3.5.2017 gjort kjent med foreløpige KOSTRA-tal 2016, som viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernssamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering	<b>14.06.17:</b> Kontrollutvalet ønskjer i neste møte ei statusoppdatering når det gjeld fristbrot, info om bakgrunnen for den store kostnadsauken og status etter administrasjonen sitt avtalte møte med barnevernstenesta i Molde kommune. <b>27.09.17:</b> Utvalet fekk ei statusoppdatering frå leiar i Barnevernstjenesten for Molde, Midsund, Aukra og Eide, jf. OS 19/17.

	<p>frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.</p> <p>Tertialrapport 1. tertial 2017 viser at behov for fleire barnevernstiltak fører til ei auke i utgifter på 3 742 000.- frå 4 038 000.- til 7 780000.-, dvs. nesten 100 % auke.</p>	
--	--	--





## Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 37/17	Kontrollutvalet	20.11.2017

### NKRF SIN KONTROLLUTVALSKONFERANSE 2018

#### Sekretariatet si tilråding

....deltok på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen 7. og 8. februar 2018.

#### Bakgrunn for saka

Norges kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer årleg fagkonferansar for leiarar/medlemmer av kontrollutval, kontrollutvalssekretærar, revisorar og andre som er interesserte i tilsyn og kontroll i kommunesektoren.

Vedlagt følgjer:

- Program NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2018.

#### VURDERING

NKRF arrangerer i februar sin årlege konferanse spesielt retta mot landet sine kontrollutval. Medlemmer frå kontrollutvala har gjeve tilbakemeldingar om at tidlegare års konferansar har vore vellykka med sentrale tema og gode forelesarar.

Kontrollutvalskonferansen er ein viktig møteplass for kontrollutvala i Noreg. Føremålet med konferansen er bl.a. at utvala skal kunne ha ein fast møteplass kor felles tema og problemstillingar kan diskuteras, samt at deltaking på konferansar utgjer ein vesentleg del av naudsynt opplæring av kontrollutvalsmedlemmer.

Hovudtema for årets konferanse er; digitalisering, arbeidslivskriminalitet, etikk, personvern.

Konferansen er på Clarion Hotel Oslo Airport, Gardermoen 7. og 8. februar 2018 med påmeldingsfrist 19. desember 2017. Deltakaravgifta for denne konferansen er ikkje fastsett enno. For 2017 var den kr 6 500,- pr. person, som inkl. overnatting med full pensjon

Sidan det ikkje er fleire møter i kontrollutvalet i Aukra i år, så må ein i dette møtet ta stilling til eventuell deltaking.

Av omsyn til val av deltakarar og påmelding til konferansen er det viktig at kontrollutvalsmedlemmene i forkant av møtet avklarar om ein har høve til å kunne delta på konferansen 7. og 8. februar 2018.

Jane Anita Aspen  
daglig leder





## Kurs - Fagkonferanse og seminar - NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2018

Oversikt over kurs og konferanser i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF). Kurs og konferanser innenfor temaene revisjon, regnskap, jus og organisasjon og ledelse.

---

### NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2018

---



Skann QR-koden og få [twitter.com/nkrf](https://twitter.com/nkrf) direkte på smarttelefon eller nettbrett.

---

### Program | #ku18nkrf

---

#### Hovedtemaer:

- Digitalisering
- Arbeidslivskriminalitet
- Etikk
- Personvern

#### Onsdag 7. februar 2018:

Møteleder: Daglig leder **Rune Tokle**, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

09.00: Registrering og kaffe + noe å bite i | Utstilling

10.00: Velkommen

► Daglig leder **Rune Tokle**, Norges Kommunerevisorforbund (NKRF)

10.10: Åpning

► Stortingsrepresentant **Karin Andersen** (SV), leder av Stortingets kommunal- og forvaltningskomite

#### DIGITALISERING

10.40: En tilstandsrapport fra digitaliseringen i kommune-Norge

► **Elin Wikmark Darell**, leder av Værnesregionen IT

11.10: Digitaliseringsstrategi i kommune-Norge

► **Line Richardsen**, avdelingsdirektør for digitalisering i KS

11.40 - 12.40: Lunsj

12.40: Slik gjør vi det i Bergen

► **Dag Inge Ulstein** (KrF), byråd for finans og innovasjon i Bergen kommune

---

13.25: Pause | Utstilling

13.45: Slik bygges Norge

► **Einar Haakaas**, journalist og forfatter

14.30: Pause | Utstilling

14.50: Kontrollutvalgets rolle i undersøkelsen av byggesaksbehandling i Tjøme kommune

► **Dag Erichsrud** (H), leder av kontrollutvalget i Tjøme kommune

15.40: Pause | Utstilling

16.00 - 17.00: Etikk og politikk

► **Geir Lippestad** (A), byråd for næring og eierskap i Oslo kommune

19.30: Middag

---

#### Torsdag 8. februar 2018:

Møteleder: ...

09:00: Er den nye personopplysningsloven svaret på de teknologiske utfordringene vi møter de neste årene?

► **Bjørn Erik Thon**, direktør i Datatilsynet

10.00: Pause | Utstilling

10.20: Hvordan kan den etiske standarden som lages for kommunene bistå kommuneledelsen og kontrollutvalgene?

► **Tina Søreide**, professor ved NHH

11.05: Pause | Utstilling

11.25: Etikk i en ny mediehverdag

► **Per Arne Kalbakk**, NRKs etikkredaktør

12.10: Pause | Utstilling

12.30: Kåseri

► Annonseres senere

13.00: Lunsj

(Det tas forbehold om endringer i programmet. Sist oppdatert: 10. november)



### Nøkkelopplysninger

**Fra/til** 7. februar 2018, 10:00 - 8. februar 2018, 13:00

**Påmeldingsfrist** 19. desember

**Pris** Fastsettes senere

**Sted** The Qube - Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen

**Etterutdanning** 11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning

**Foredragsholder** Se programmet

### Påmeldingsskjema

Fornavn \*

Etternavn \*

Selskap/enhet \*


Fakturaadresse \*

Postnummer \*

Poststed \*

Ressursnr. e.l.  
(som ref. på faktura)

Telefon



**AUKRA KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

Saksmappe: 2017-1547/05  
Arkiv: 033  
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen  
Dato: 9.11.2017

**Saksframlegg**

<b>Utvassaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 38/17	Kontrollutvalet	20.11.2017

**EVENTUELT**

**Fastsetting av dato for kontrollutvalet sitt første møte i 2018**

Kontrollutvalet sin møteplan vert normalt fastsett av utvalet i det første møte i nytt år. Det kan vere formålstenleg at dato for kontrollutvalet sitt første møte i nytt år vert avtalt i siste møtet i inneverande år.

Sekretariatet har ikkje sett framlagt framlegg til møteplan for politiske møter i 2018 i Aukra kommune enno. Sekretæren vil kome med framlegg om **måndag 5. februar** som dato for utvalet sitt første møte i 2018. Ein må her ta atterhald om at datoen ikkje vil kome i konflikt med kommunen sin dato for politiske møter i same periode.